


Vil byggja traktorveg på Rød

31.07.2009



Annlaug Rød har no søkt kommunen om bygging av ein 1.400 meter lang traktorveg frå Rød og oppover

mot fjellet (skisse). Den heiter Blomstølvegen.

Det blir opplyst i søknaden at prosjektet vil gje ein transportgevinst for skogbruk på 500.000 kroner og for jakt på 50.000 kroner.

Vegen vil ikkje berøra sårbart planteliv, kjende kulturminnar eller viktige område for friluftsliv, blir det opplyst. Vegtraseen går i store svingar, passerar Furuhaugen og endar på Blomstøl.

Saka er no sendt på høring til fylkesmannen og kulturminnemyndigheit.

Fylkesmannen skal gis høve til å uttale seg ved søknad om nybyggjing av bilvegar og ellers når søknaden berører områder som har spesiell miljøstatus.

Kulturminnemyndigheit skal gis høve til å uttale seg når vegen kan berøre interesser innanfor deira fagområde.

Av Ola Matti Mathisen